



REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I INDRE SUNNFJORD TURLAG 2024

Onsdag 14.februar kl 18.00 - 20.30, Sakralrommet i Førdehuset

Det var 27 frammøtte til IST sitt årsmøte. Det vart frukt, bollar, kaffi og brus ved møtestart. Leiar i turlaget, Ingebjørg Erikstad ynskte alle velkommen.

Sakliste:

1.Konstituering

- **Godkjenning av innkalling**
Vedtak: Innkalling godkjent.
- **Godkjenning av sakliste**
Vedtak: Sakliste godkjent.
- **Val av ordstyrar**
Vedtak: Hilde Bjørkum valt til ordstyrar
- **Val av sekretær**
Vedtak: Hege Mundal valt til sekretær
- **Val av to til å skrive under protokollen**
Vedtak: Magni Kvile og Ronny Iden valde til å skrive under møteprotokollen.

2. Årsmelding

Styreleiar Ingebjørg Erikstad presenterte hovudtrekka i årsmeldinga.

Kommentar: medlemstal ikkje auka, bør ein jobbe meir aktivt for å få fleire medlemmer?

Vedtak: Årsmelding 2023 godkjent

3. Rekneskap

Kasserar, Kjell Arne Hjellbrekke la fram rekneskapen for 2023.

Vedtak: Rekneskap godkjent

4. Arbeidsplan for 2024

Leiar Ingebjørg Erikstad la fram arbeidsplan for 2024.

Kommentarar:

- Kompetanse: inkludere vinterturleiarkurs og brekurs.
- Forslag om å arrangere ei «festivalhelg» der ein kan velje og vrake i turtilbod. Gjerne saman med kommunar, andre organisasjonar eller private aktørar.
- TiTur: annonsere turane tidlegare
- Inkludering: samarbeid med frivillige org og kommunen, tilby enkel og lågterskel friluftslivopplæring.
- Gjennomgang av turleiarretteleiar; nokre turar opplevast som eit res, ikkje tid til å nyte.

Vedtak: Arbeidsplan godkjent. Styret tek med innspela frå årsmøte til vidare arbeid.

5. Budsjett for 2024

Kasserar Kjell Arne Hjellbrekke la fram budsjett for 2024.

Kommentar: mogleg nytt rekneskapssystem i 2024. Kontantprinsippet kan medføre noko skeivheit.

Vedtak: Budsjett godkjent.

Årsmøte er merksam på ei utgift for dagleg leiar på kr 98 000 som høyrer til 2023 vert utgiftsført på 2024-rekneskapen.

6. Innkomne saker

I. Innspel om nye hytter

Innspel om DNT-hytte i populært randonee-område i Jølster.
Innspel om å drifte Svistølen i Naustdal som DNT-hytte.

Vedtak: Styret arbeidar vidare med å sjekke realismen i desse forslaga.

II. Namneendring

Forslag om av endring av namn frå «Indre Sunnfjord Turlag» til «Askvoll, Fjaler og Sunnfjord Turlag»

Kommentar:

Ei namneendring medfører vedtektsendring og anna praktiske ting, saka vart difor lagt fram som diskusjon om ein skal arbeide vidare med utgreiing. Årsmøte ser på innkome forslag som eit tungt namn.

Forståing for at noverande namn ikkje er dekkande og inkluderande for heile området.

Vedtak: Årsmøte ber styret arbeidar vidare med saka og komme med sine vurderingar og forslag til vedtak på neste årsmøte.

7. Val

Hovudstyret:

Leiar: Ingebjørg Erikstad (attval, 1 år)
Styremedlem: Roger Hopland (ikkje på val)
Styremedlem: Reidun Kristiansen (ny, 2 år)
Styremedlem: Kjell Arne Hjellbrekke (merke - og løypenemnd, 1 år)
Styremedlem: Kjell Kleiven (hyttestyret – 2 år)
Styremedlem: Edith Falkenstein (seniorgruppa – 1 år)
Styremedlem: Per-Tore Meier (bre- og fjellsportgruppa – 2 år)
Styremedlem: Sissel Flåm (Barnas Turlag – ikkje på val)
Styremedlem: ikkje dekt (DNT ung)

Hyttestyret:

Leiar: Kjell Kleiven (attval, 2 år)
Nestleiar: Mariann Svingen (attval, 1 år)
Medlem: Per-Tore Meier (attval, 2 år)
Medlem: Anders Terje Vie (attval, 2 år)
Vara: Jorun Vågen (attval, 1 år)

Merke- og løypenemnd:

Leiar: Kjell Arne Hjellbrekke (attval, 1 år)
Nestleiar: Knut Børge Skurtveit (attval, 2 år)
Medlem: Helga Erdal Brenne (ny, 2 år)
Medlem: Atle Øen (ny, 2 år)
Medlem: Åse Skare (ny, 1 år)
Vara: Magnar Gangsø (ny, 1 år)

Seniorgruppa:

Leiar: Edith Falkenstein (attval, 1 år)
Nestleiar: Sigrid Gjelsvik (attval, 1 år)
Medlem: Svein Ove Osland (ny, 2 år)

Medlem: Karen Hornnes (attval, 2 år)

Vara: John Lien (attval, 1 år)

Bre- og fjellspport:

Leiar: Per-Tore Meier (attval, 2 år)

Nestleiar: Sissel Vedvik (ikkje på val)

Medlem: Jarle Øygard (ikkje på val)

Medlem: Rune Kristiansen (ny, 2 år)

Vara: Anja Selstad (attval, 1 år)

Barnas Turlag:

Leiar: Sissel Flåm (ikkje på val)

Nestleiar: *ikkje dekt*

Styremedlem: Evelyn Vågane, Askvoll (ikkje på val)

Styremedlem: Julie Vårdal Heggøy, Fjaler (ikkje på val)

Styremedlem: Steffen Herstad, Førde (ny, 1 år)

DNT ung

Ingen verv dekt.

Revisorar:

Bjarte Erdal (attval, 1 år)

Marit Nikø (attval, 1 år)

Valnemnd:

Atle Holsen (attval, 1 år)

Jan Bjarte Skrøppa (attval, 2 år)

Styre får fullmakt til å finne tredje medlem som vert valt for tre år

Etter årsmøtesakene vart det synt ein video for å presentere årets turprogram.

Førde 16.02.2024

Magni Kvile

Magni Kvile

Ronny Iden

Ronny Iden